

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

nve@nve.no

(kopi til saksbehandler Anne Marte Schei)

Bergen, 16. januar 2025

Dette innspillet sendes på vegne av Bergen og Hordaland Turlag (DNT), Naturvernforbundet Hordaland, BirdLife Norge avd. Hordaland, Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, og Bergen og Omland Friluftsråd.

Ny 420 kV forbindelse Samnanger–Øygarden

Høringsfråsegn frå Forum for natur og friluftsliv Hordaland

Forum for natur og friluftsliv (FNF) Hordaland viser til høve for å komma med høyringsfråsegn til Statnett si melding av ny 420kV forbindelse mellom Samnanger og Øygarden (dykkar saksnummer 202402439), med høyringsfrist 16. januar 2025.

FNF Hordaland ynskjer innleiingsvis å setja saka inn i ein større og naudsynt kontekst, der den pågåande naturkrisa, befolkninga si trong for ein rik og mest mogeleg intakt natur, og FN sitt tiår for restaurering av økosystem, er sentrale tilhøve. For å ta betre vare på naturen vår, skreiv Norge i 2022 under på naturavtalen i Montreal, noko som mellom anna forpliktar oss til bevaring av 30 prosent natur på land og i sjø, 30 prosent restaurering av øydelagt natur, og eit nær-null tap av natur i all arealplanlegging.

For å sikra at me tek omsyn til naturen i denne saka ynskjer FNF Hordaland at NVE ser til følgande ved fastsetjing av utgreiingsprogram:

- At det vert gjort ny utgreiing av framtidig straumbeløp i regionen og av behov for tiltaket. Her må framtidige industriplanar, elektrifisering av sokkelen og potensiale for enøk og energisparing gjennomgåast.
- At Statnett utgreier rask spenningsoppgradering som løysing på behovet. Samt at det vert gjort ein fullstendig systemanalyse som syner kva moglegheiter for auka straumforsyning som ligg i eksisterande nett.
- At Statnett utgreier trase 6.1, som me vil utdjupe seinare i dette høyringssvaret.

- **Grundig utgreiing av natur- og friluftslivsverdiane som vert råka av dei ulike trasevala.**

FNF Hordaland ynskjer vidare å vise til høyringsfråsegn frå Naturvernforbundet Nordhordland, Nordhordland Turlag og Samnanger Turlag i den aktuelle saka, og stiller oss bak dei viktige momenta som løftast fram i desse fråsegnene.

Behov for å utgreia oppgradering

I meldinga skriv Statnett at deira trasear går gjennom ei rekke verdifulle natur- og friluftslivsområde, og konfliktpotensiale til både natur og samfunn er tvillaust stort. Dette konfliktpotensialet vart peika på av Statnett i deira konseptvalutgreiing (KVU) for Bergen og omland¹, der konseptet med ny forbindelse mellom Samnanger og Øygarden er vurdert å ha størst negative verknader for samfunn og naturmangfald. Den siste tida har me sett ei stor mobilisering for å verna naturen mot dei melde linjetraseane. Denne mobiliseringa er noko av det største folkelege naturvernengasjementet FNF Hordaland er kjend med i Vestland i seinare år. Det har vore halde folkemøter og markeringar som har samla mange hundre menneske, og underskriftskampanjen har til no framskaffa 3304 (15.01.2025) underskrifter. Protestane handlar i stor grad om at viktige nærtuområde og landskap vert råka, men mange er også uroa for konsekvensane for naturmangfaldet i sine områder. I tillegg har naturvernorganisasjonane i regionen identifisert dette som ein av dei største og viktigaste naturvernkampane i åra som kjem.

FNF Hordaland meiner dette engasjementet langt på veg syner at Oslo Economics hadde rett når dei i sin kvalitetssikring av KVU² skriv at Statnett kan ha undervurdert konfliktpotensialet (med vår utheving):

*I vurderingene av natur og miljø kommer Statnett videre frem til at det er små forskjeller mellom konseptet med spenningsoppgradering og konseptene med ny forbindelse. I tidligere kraftledningssaker hvor det bygges nye forbindelser, som Sima-Samnanger eller Ørskog-Sogndal, gjøres det kostbare avbøtende tiltak for å begrense inngrepene. Vi har ikke grunnlag for å gjøre egne vurderinger av forskjellene mellom disse konseptene, men vi stiller spørsmål ved om de reelle forskjellene mellom konseptene kommer godt nok frem. Om forskjellen skulle vært større kan det bidra til å påvirke det innbyrdes styrkeforholdet mellom konseptene, i **favør spenningsoppgradering**. Dette er viktige avveininger som bør tas i de videre prosessene.*

Som alt nemnd, er det først det siste året offentlegheita reelt sett har vorte opplyst kring spørsmålet om korleis straumforsyninga i vår region skal løysast. Prosessen før meldinga som no er på høyring, har vore kompleks, langvarig og vanskeleg å delta i. Fram til no har få lokalsamfunn vore merksame på kva som ville råka dei, noko som ikkje er så rart, då det i konseptvalutgreiinga ikkje var presentert noko konkret trase via Nordhordland. FNF Hordaland meiner dette syner at den nasjonale debatten om transmisjonsnett er prega av eit demokratisk underskot, der viktige føresetnader og val vert avklara utanfor ålmenta si merksemd. Difor er det svært viktig at prosessane vidare legg til rette for reell medverknad der offentlegheita kan ta stilling til dei overordna vala. På bakgrunn av dette ber me om at NVE sørger for at Statnett ikkje berre utgreier ny linje (vårt alternativ 6.1), men også rask oppgradering av eksisterande nett. Det er først etter melding av ein konkret linjetrase at dei som kan

¹ Tilgjengeleg frå: <https://www.statnett.no/vare-prosjekter/region-vest/konseptvalgutredning-bergen-og-omland/>

² S.38.

verte råka har vorte merksame på konsekvensane, og det er no tid for å løfta det viktigaste spørsmålet: Må me bygga denne linja?

Samla seg for å vise motstand: - Vi varslar om fare for rasering av urørt natur



Av Sondre Lingås Haukedal

Publisert: 05.01.25 20:40

Del

Søndag samla folk seg på over 70 plassar for å vise motstand mot dei foreslåtte kraftlinjetraséane gjennom Nordhordland.



VEVE: Fakkeltøget er på plass ved endestasjonen; Veten ved Rylandsvatnet. Foto: Sondre Lingås Haukedal

Figur 1. Faksimile frå Avisa Nordhordland 05.01.25³

³ <https://www.nordhordland.no/samla-seg-for-a-vise-motstand-vi-varslar-om-fare-for-rasering-av-urort-natur/s/5-33-707145>

Svar på dette spørsmålet kjem også an på kva nytt forbruk me ynskjer oss. Statnett skriv i meldinga av prosjektet: «Det forventes sterkt vekst i kraftforbruk i Bergen og omegn. Veksten skyldes blant annet landindustri og elektrifisering av petroleumsindustrien. To tredjedeler av forbruksveksten er industri, og en tredjedel er knyttet til elektrifisering av petroleumssektoren.»

Berekingane av framtidig forbruksvekst er usikre, og meldinga baserer seg på middelsscenariet i KVU'en fra 2020. Det bør difor bli utarbeida ein ny og oppdatert behovsanalyse. Mykje har hend sidan 2020 og det er mogleg forbruksveksten vert lågare enn tidlegare antatt. Spesielt bør energibehovet for Kollsnes og Mongstad oppdaterast. Det er desse to industriparkane, saman med elektrifisering av sokkelen, som står for brorparten av det innmelde kraftbehovet. Det er mange industriparkar i Noreg som konkurrerer om dei same prosjekta knytta til f.eks. havvind, batteriproduksjon og hydrogenproduksjon. FNF Hordaland vil åtvare mot ein situasjon der regionar overdimensjonerer kraftsystemet med påfølgande natursløsing⁴. Mongstad fekk ikkje batterifabrikk (2020), og framtida for blått hydrogen er usikker etter skrinlegging av transportavtalar mellom Noreg og Tyskland⁵.

Vidare er fleire av elektrifiseringsplanane på sokkelen nedskalert⁶. Elektrifisering av petroleumsindustrien er i tillegg svært omstridd. Klimautvalet tilrår å droppe elektrifisering. I tillegg er det komme fram at det også på Stortinget byrjar å verte lågare oppslutning om elektrifisering av petroleumssektoren. Resultatet av årets stortingsval kan difor påverke elektrifiseringsplanane.

Ein må gå ut frå at satsinga på energiøkonomisering vi auke monaleg dei neste åra, slik myndigheitene signaliserer. NVE sjølv, meiner det er mogleg å spare 13TWh berre gjennom energiøkonomisering i bygg⁷. Om ein går ut frå at Bergensområdet står for 5–10 prosent av forbruket nasjonalt, kan det vere mogleg å spare bortimot 1 TWh her.

Fordelane med å utbetre eksisterande nett er at ein kan ta langt betre vare på natur om miljø. Med den bakgrunn, vil FNF Hordaland be om at NVE pålegg utgreiing av om rask oppgradering av eksisterande 300kV nett mellom Samnanger og Øygarden er tilstrekkeleg for å levera straumbehovet i vår region. Som ein del av dette ynskjer FNF Hordaland at søknad og KU svarar på om ein eventuell stopp i elektrifisering av sokkelen vil påverke vurderinga av behovet for ei ny linje. Me vil også vita korleis iverksetjing av planer for energieffektivisering og energisparing i tråd med regionale og nasjonale energi- og klimaplanar påverkar behovet for ny linje.

Fordelane med å utbetre eksisterande nett er at ein kan ta langt betre vare på natur om miljø. Med den bakgrunn, vil FNF Hordaland be om at NVE pålegg utgreiing av om rask oppgradering av eksisterande 300kV nett mellom Samnanger og Øygarden er tilstrekkeleg for å levera straumbehovet i vår region. Som ein del av dette ynskjer FNF Hordaland at søknad og KU svarar på om ein eventuell stopp i elektrifisering av sokkelen vil påverke vurderinga av behovet for ei ny linje. Me vil også vita korleis iverksetjing av planer for energieffektivisering og energisparing i tråd med regionale og nasjonale energi- og klimaplanar påverkar behovet for ny linje.

⁴ jfr. parallell til etablering av såkalte grønne industriparker hvor kommuner overbyr hverandre med resultat at ødelagt natur ikke tas i bruk.

⁵ Påverkar industriplanar både på Mongstad og Kollsnes.

⁶ Sjå m.a. <https://www.tu.no/feature/avlyser-elektrifisering-flere-steder-klimamalet-knapt-innenfor-rekkevidde/551749>

⁷ <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/nyheter-energi/energieffektivisering-i-norske-bygninger-kan-reduesere-energibruken-tilsvarende-10-prosent-av-norges-stromforbruk/>

Natur-, landskaps- og friluftslivsverdiar

Som me alt har påpeika; Statnett sine føreslåtte trasear går gjennom ei rekke verdifulle natur- og friluftslivsområde, og konfliktpotensiale til både natur og samfunn er tvillaust stort. Vestland strekk seg frå høgfjell til kyst, og har den mest varierte naturen i Noreg. Den melde kraftlinja kan difor komma i klar konflikt med Naturavtalen som Norge har slutta seg til. Avtalen forpliktar oss til bevaring av 30 prosent natur på land og i sjø, 30 prosent restaurering av øydelagt natur, og eit nær-null tap av natur i all arealplanlegging. Til no er det berre fjellområda i Noreg som når målet om 30 prosent bevaring.

Ein ny lang trase har vidare potensiale for å skada følgjande naturverdiar:

- **Oppstyking og fragmentering av inngrepsfri natur/natur med urørt preg.** Naturområde tilsvarande 116 500 fotballbanar har på fem år mista statusen sin som inngrepsfri natur. Største arealtjuv er energiutbyggingar. Det er Vestland, Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark som har opplevd dei største reduksjonane av inngrepsfri natur dei siste fem åra. I fleire av desse fylka har det vore store energiutbyggingar.⁸
- **Nærtuområde, kartlagde og verdsette friluftslivsområde, og andre friluftslivsområde.** FNF Hordaland registrerer at alternativ 1.0 vil kryssa ni kartlagde friluftsområde med svært høg verdi- Alle alternativa påverkar tallause nærturar og små og store stiar som går i folk sitt nabolag eller nærområde. 1.0 skjer tvers gjennom eit statleg sikra friluftsområde, og alle traseane vil påverka mange former for kystfriluftsliv. Alternativ 1.0 er også teikna inn rett ved ei DNT hytte.
- **Leveområde for dyr.** Statnetts meldte ledningstrasear går mange stader på tvers av landskapsformene og vil difor bli til stor ulempe for fugletrekk. I tillegg vil nye kraftlinjer utgjera ein fare lokale hekkefuglar som f.eks. hubro, havørn, kongeørn, musvåk, storfugl, vadarar og mange andre. Nord i Osterøy, der lina skal krysse over fjorden frå Kleppe og Drangsøyna, er det ofte ein ærfuglflokk på mange hundre individ som held til i fjordbassenget. Kryssinga i luftlinje over Herdlefjorden ved Opso, rett sør for Herdla Naturreservat kan utgjere ein fare for kollisjonar for trekkfugl som har sin viktigaste rasteplass i Hordaland her.
- **Landskap.** Ein betydeleg ulempe av luftspenn på tvers av landskapsformasjonar er auka sindigheit og brot på estetikken i landskapet, som mange stader inkluderer gamle kulturlandskap.
- **Seglingsleden.** Luftledning frå Øpso og over til Askøy kan øydelegga den einaste frie seglingsleden inn til Bergen. Skal ein sikra fri seglingshøgde, må masta vera særst høg.⁹


⁸ [Inngrepsfri natur krympa med 116 500 fotballbanar - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/innreiser/innreiser-og-ferie/innreiser-og-ferie-2022/innreiser-og-ferie-2022-10-10-2022/innreiser-og-ferie-2022-10-10-2022-10-10-2022)

⁹ Askøybrua, på 63,5 meter, er for låg for mange skip.


Behov for å utgreia 6.1-alternativet

Organisasjonane som er tilknytt FNF Hordaland forstår at ei tredje forsyningslinje kan verta det føretrekte alternativet, etter utgreiing, søknad og høyring, og har difor utarbeida eit trasealternativ som me meiner best kan ivareta naturverdiene. Dette alternativet har me kalla 6.1, då det lik Statnett sitt alternativ 6.0 går gjennom Bergen. Til forskjell frå 6.0, føl 6.1 eksisterande linjer heile vegen. Ved gjenbruk eller ved parallellføring. I tillegg nyttar 6.1 seg av ein lengre sjøkabel, for å ytterlegare skåne naturverdiar i området.

Vårt forslag (sjå fig.2) er å byggja linja parallelt med sentralnettet frå Samnanger til Myrdalsvatnet i Fana og på felles masterekke til Arna og vidare til Jordal i Eidsvåg, før linja vert lagt gjennom Byfjorden og Herdlefjorden som sjøkabel til Merkesvik på Askøy. Arna - Jordal tilhøyrer regionalnettet, men mastene er rigga for 300 (420) kV. Naturvernforbundet sitt 6.1 forslag har bruk av jord / sjøkabel frå Jordal stasjon, via Eidsvågen.



Figur 2. Alternativ 6.1 – frå Samnanger til Jordal stasjon.



Figur 3. Alternativ 6.1 – frå Jordal stasjon til Kollsnes i Øygarden.

FNF Hordaland meiner framlegget vårt (alt. 6.1) vil vera langt mindre konfliktfylt enn den melde traséen gjennom Nordhordland (Statnett sitt alt. 1.0) og alternativet som Statnett har vurdert gjennom Bergen (alt. 6.0). Nokre av føremonnene med alternativ 6.1 er:

- I forhold til 1.0 vert luftlinjeføringa redusert frå 73 km til 44 km.
- 5 fjordkryssingar i luft vert erstatta med 1.
- Samanlikna med 6.0 er det truleg ikkje naudsynt å riva hus eller andre byggverk.
- Naturtapet i eit eksponert landskap med store friluftsverdiar vert betydeleg redusert.
- Forsyningstryggleiken til Bergen og særleg nordre bydel kan verta styrka.

[Stortingsmelding 14 \(2011-2012\) «Vi bygger Norge – om utbygging av strømmettet»](#) seier at 420kV linjer som hovudregel skal leggest i luftlinje, men at sjøkabel eller jordkabel kan nyttast «dersom ekstrakostnaden for kabling av en begrenset delstrekning kan forsvares med at det gir særlige miljøgevinster sammenliknet med luftledning»¹⁰. FNF meiner potensialet for slike særlege miljøgevinster tvillaust er tilstades i denne saka, og at innteikna kabelstrek i 6.1 difor må utgreiast.

På "den ytre ring", frå Modalen, via Lindås og til Kollsnes, vart det over Lurefjorden og frå Radøy over Hjeltefjorden til Kollsnes, lagt sjøkabel. Lengda på dei to kablane er omlag 35 km. Dette skapar presedens for utgreiing av sjøkabel i Naturvernforbundet sitt 6.1 alternativ.

FNF Hordaland vil også minna om at Energidepartementet har godkjend ein jordkabel mellom Bærum og Oslo på 12 km. Til samanlikning er avstanden mellom Jordal stasjon/trafo og Eidsvågen

¹⁰ s.81

(saltvatn) 1 km. Området mellom Jordal stasjon og Eidsvågen har store eigedomsverdiar/interesser, og jordkabel må kunne vurderast her.

FNF Hordaland er merksame på at det kan vera utfordringar med utkopling av eksisterande linjer i ein byggefase for 6.1. Det kan spesielt gjelda Fana – Arna. FNF Hordaland vil peike på at ein i ein slik situasjon må forsyna desse to stasjonane frå høvesvis Samnanger / Litle-Sotra og Dale. Ein kan også bruka 132kV nettet for å fordela lastflyten i Bergensområdet, og det er mogleg å planleggja arbeidet til ei tid på året der det er lågast forbruk.

Andre innspel til KU

FNF vil i tillegg til vårt innspel om utgreiing av alternativ 6.1, komma med følgande innspel til konsekvensutgreiinga:

- KU må særskild syne korleis utbygginga vil påverke relevante mål i naturavtalen¹¹, i tråd med konsekvensutredningsforskriften sin §21:
*Konsekvensutredningen skal identifisere og beskrive de faktorer som kan bli påvirket og vurdere vesentlige virkninger for miljø og samfunn, herunder:
[...] nasjonalt og internasjonalt fastsatte miljømål.*
- Feltundersøkingar av naturmangfald må gjerast i vekstsesongen for planter og hekketida for fuglar.
- Det bør stillas krav til minimumstid i felt for å sikra god kvalitet på kartlegginga, og artlegging over fleire sesongar kan vera naudsynt for å korrigera for sesongvariasjon og avdekka arealkrevjande arter sin bruk av området.
- Det bør vera eit krav at utgreiingar, analysar og feltundersøkingar skal følgja anerkjent metodikk, og gjennomførast av personar med oppdatert relevant fagleg og dokumentert kompetanse innan ulike artsgrupper¹².
- Det bør gjennomførast uavhengig kvalitetskontroll og stikkprøver av konsekvensutgreiingane i tråd med Miljødirektoratet si tilråding om nye utredningskrav (sjå fotnote 12).
- Det må gjerast grundig kartlegging av lokale hekkefuglar som f.eks. hubro, havørn, kongeørn, musvåk, storfugl, vadarar, med meir.
- Det må leggest vekt på kartlegging av fugletrekk og konsekvensar for dette. Spesielt gjelder dette dei større fuglane, bl.a. rovfuglar, svaner, gjess, hønsefuglar og vadarar. Det føregår eit betydeleg fugletrekk langs dei kystnære høgdedraga i Nordhordland.
- Aktivitet av fugletrekk bør undersøkast ved hjelp av radar og/eller lydsensor ved aktuelle lokalitetar.
- KU må, i tillegg til føreslåtte kjelder, henta informasjon til friluftslivsutgreiingane frå frå UT.no og intervju med tillitsvalde i lokale turlag.
- KU må vurdere korleis linja påverkar folkehelsearbeidet, gjeve den betydning fysisk aktivitet i natur har for fysisk og mental helse.
- Det må framleggast visualiseringar etter dialog med friluftslivsorganisasjonar og lokalsamfunn.

¹¹ Tilgjengeleg frå: <https://www.cbd.int/doc/decisions/cop-15/cop-15-dec-04-en.pdf>

¹² I tråd med Miljødirektoratets forslag til endringar i forskrift om konsekvensutgreiingar § 24. Nye utgreiingskrav skal førebygge naturtap - miljødirektoratet.no (27.11.24)

- KU må inkludera 3D-visualiseringer
- Konsekvensar for seglingsleden.

Oppsummering

FNF Hordaland etterlyser sterkare vektlegging av naturverdiar i denne saka, og ber med bakgrunn i dette om følgande utgreiingar i KU og søknad:

- At det vert gjort ny utgreiing av framtidig straumforbruk i regionen og behov for tiltaket. Her må framtidig industriplanar, elektrifisering av sokkelen og potensiale for enøk og energisparing gjennomgåast.
- At Statnett utgreier rask spenningsoppgradering som løysing på behovet. Samt at det vert gjort ein fullstendig systemanalyse som syner kva moglegheiter for auka straumforsyning som ligg i eksisterande nett.
- Utgreiing av trase 6.1
- Grundig utgreiing av natur- og friluftslivsverdiane som vert råka av dei ulike trasevala. FNF Hordaland har spelt inn ei rekke punkt me meiner må inn i utgreiingsprogrammet for å få god nok kunnskap om natur og friluftslivseffektane av ny eller oppgradert linje.

Dette er utgreiingar me meiner er heilt essensielle for at offentlegheita skal kunne gjera reelle vurderingar og prioriteringar av nettutviklinga i vår region. Desse utgreiingane meiner me også er naudsynte for at styresmaktene skal ha moglegheita til å prioritera ivaretaking av naturmangfaldet.

Me takkar NVE for høve til å kommentera på meldinga, og ser fram til ein god prosess vidare.

Venleg helsing

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland

Dag Sandvik
Bergen og Hordaland Turlag

Ivar Turøy
Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland

Lars Torgilstveit
Bergen og Omland Friluftsråd

Tom Skauge
Naturvernforbundet Hordaland

Michael Fredriksen
BirdLife Norge avd. Hordaland

Gunvar Mikkelsen
FNF Hordaland

Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland er et samarbeidsforum for natur- og friluftslivorganisasjoner i Hordaland, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftslivinteressene. Per i dag er det tolv organisasjoner tilsluttet FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag (DNT), Naturvernforbundet Hordaland, Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, BirdLife Norge avd. Hordaland, Haugesund Turistforening, Hordaland fylkeskystlag, Norsk Botanisk Forening Vestlandsavdelingen, Syklistenes Landsforening Bergen og omegn, Voss Utferdslag (DNT), Voss Kajakklubb og Hordaland krins av Norges Speiderforbund. Sammen representerer organisasjonene rundt 54 000 medlemmer.